


**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Sogndal kyrkjelege fellesråd**



Postboks 122  
6851 SOGNDAL  
Tlf: 57629890  
Faks: 57629891

Det kongelege kultur - og kyrkjedepartement  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

Sogndal 27.10.2006

Vår sakshandsamar: Jorunn Merete Haukås-Eide

Vår ref.: 06/00147-001

Arkivkode: 012.2

**NOU 2006:2 Stat-kyrkje-høyringa - høyringsuttale frå Sogndal Kyrkjelege Fellesråd**

Sogndal Kyrkjelege Fellesråd (SKF) er samansett av 10 medlemar, der 8 kjem frå sokneråda, 1 er representant frå formannskapet i Sogndal Kommune, og 1 er sokneprest i Sogndal/prost i Indre Sogn. Kyrkjeverje er sekretær for fellesrådet.

Sogndal Kyrkjelege Fellesråd valde i mars 2006 ei eiga nemnd som skulle arbeide meir inngåande med høyringa. I nemnda sat det ein representant frå kvart av dei 4 sokneråda, samt soknepresten. Kyrkjeverje var ogso sekretær for denne nemnda. Ein valde eitt medlem frå kvart sokneråd fordi ein på den måten lett kunne få ut vidare informasjon til alle sokneråda.

Ein delte NOU 2006:2 "Staten og Den norske kyrkja" opp i tema, og nemnda tok føre seg eitt tema for kvart møte. Dei tema ein gjekk gjennom var: gravferdsforvaltninga, finansiering, arbeidsgjevaransvaret, freda og verneverdige kyrkjer og eigedomsretten. Etter møta i nemnda, la nemnda kvart tema fram for det samla fellesrådet til diskusjon. På denne måten har nemnda og fellesrådet no vore gjennom heile NOU 2006:2. I tillegg vart det arrangert eit felles møte for alle medlemane i sokneråd og fellesråd, samt alle tilsette 19. oktober 2006. På dette fellesmøtet var det høve til å komme med innspel og meiningar om spørsmåla, samt diskutere nærare dei ulike ordningane som vart lagt fram frå Gjønnnes-utvalet. Det vart ogso orientert meir inngåande om dei ulike spørsmåla i høyringa av fellesrådsleiar, sokneprest/prost og kyrkjeverje. Møtet var eit ledd i arbeidet med å gjere høyringsinstansane, og kvar og ein, best mogleg i stand til å gjere seg opp egne meiningar om dei ulike tema i høyringa.

Høyringsuttalen frå Sogndal Kyrkjelege Fellesråd er delt inn etter dei ulike spørsmåla i spørjeskjemaet som høyringa omfattar. Alle delar av høyringsuttalen gjekk medlemane i fellesrådet samrøystes inn for dersom anna ikkje er sagt:

**1) Kva overordna prinsipp bør liggje til grunn for trus- og livssynspolitikken ?**

1. Jamstelling mellom trus- og livssynsamfunn.
  2. Trus- og livssynsamfunna (inkludert Den norske kyrkja) sin sjølvråderett når det gjeld spørsmål om leiarskap og lære.
  3. Ein aktivt støttande statleg religionspolitikk.
- 
1. Som eit overordna prinsipp bør jamstillinga mellom dei ulike trus- og livssynssamfunna liggje. Dette er ogso eit gjennomsyra prinsipp mellom anna i kyrkja sitt Mellomkyrkjelege råd. Hovudargumentet for dette er ogso prinsippet om religionsfridom. Jamstilling gir ofte ogso eit grunnlag for samarbeid. Dette punktet gjekk medlemane i fellesrådet samrøystes inn for.
  2. Sjølvråderetten i spørsmål om leiarskap og lære for trus- og livssynssamfunna må likeså liggje som eit overordna prinsipp. I alle andre trus- og livssynssamfunn i Noreg bestemmer ein sjølve kven som skal vere deira leiarar. Denne sjølvråderetten ynskjer ogso Sogndal Kyrkjelege Fellesråd at Den norske kyrkja skal få i framtida. Utnemning av biskopar og prostar bør overførast til organ som har sin basis i kyrkjelege val. Denne retten er ogso stetta av FN si fråsegn om trusamfunna sin rett til å velje egne leiarar, prestar, undervisningspersonell m.m.  
Dette punktet stemte 5 medlemar i fellesrådet for, medan 2 medlemar gjekk inn for at staten skulle utnemne biskopar og prostar.

- Ein aktivt støttande religionspolitikk er det ogso ynskje om skal liggje som eit overordna prinsipp. Nasjonen sin religionspolitikk angår alle innbyggjarane i landet, og det skulle difor vere i politisk interesse korleis dette blir utøvd overfor innbyggjarane. Dette punktet gjekk medlemane i fellelrådet samrøystes inn for.

## **2) Den norske kyrkja som statskyrkje:**

Sogndal Kyrkjelege Fellelråd støttar i utgangspunktet Gjønnnes-utvalet sitt alternativ 2, men ynskjer likevel ei forankring i Grunnlova. Ein vil understreke at ein ynskjer eit tett samarbeid, og ei tett oppfølging frå Staten, ogso på den økonomiske sida. Med endringar i Grunnlova – men likevel med ei forankring der – vil kyrkja kunne halde fram som statskyrkje. Dette vil samtidig støtte det kristne verdigrunnlaget som byggjestein for landet vårt, noko som det har vore i fleire hundre år.

## **3) I kva for lov bør Den norske kyrkja vere forankra ?**

Den norske kyrkja er i dag forankra både gjennom Grunnlova og ei eiga kyrkjelov av 1996. Ved ei endring til lovforankra folkekyrkje, som er Gjønnnes-utvalet sitt alternativ 2, vil det krevje ei eiga særlov for Den norske kyrkja. Alternativ 2 fører vel ogso til at forankringa i Grunnlova blir teken vekk.

Ei lovforankra folkekyrkje vil vere sjølvstendig, men framleis ha ein tett dialog med Staten.

Dette skulle likevel ikkje hindre ei forankring i Grunnlova.

Kirkens Arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) har lansert ein fjerde modell. Den går inn for ei framleis forankring i Grunnlova, men med ei eiga særlov i tillegg. Ein meiner at Staten legitimt kan definere sitt forhold til ei majoritetskyrkje noko annleis enn til andre trus- og livssynssamfunn, utan at dette vil komme i strid med antidiskrimineringsbestemmelsane i lovverket.

Enkelte endringar i Grunnlova må ein likevel ta inn. Særleg gjeld dette oppdragsplikta i GL §2 og kravet om medlemskap i Dnk for halvparten av statsrådene i GL §12. Ein ynskjer likevel at den statsråden som blir kyrkjeminister skal vere medlem av Dnk.

## **4) Korleis bør Den norske kyrkja finansierast ?**

SKF ser at dagens finansiering av kyrkja mange stader er mangelfull. Ein er ofte avhengig av den lokale kommune sin økonomi. Mange kommunar har streva med økonomien dei siste åra, og bevilgingane til fellelråda har gjenspegla det. Ut frå dette vil ein difor gå inn for ei endring mellom stat og kommune, der staten får eit større finansielt ansvar enn den har i dag. SKF støttar difor ogso framlegga frå fleirtalet i Gjønnnes-utvalet som understrekar behovet for økonomiske tiltak overfor kyrkja.

Berkeningar frå 2002 viser ein tydeleg lågare ressursbruk for Dnk enn for systerkyrkjene våre i dei nordiske landa. Ein har anslått ressursbehovet for Dnk til å vere rundt 5,15 mrd, noko som medfører ein auke på 1,42 mrd i forhold til 2002. Dette er eit gap som må gjerast noko med, og som burde vere politikarane si plikt å løyse.

Sogndal Kyrkjelege Fellelråd går inn for ei ordning der hovudansvaret for finansieringa av kyrkja framleis skal liggje på det offentlege, men med ei mindre finansiering gjennom medlemsbidrag/aktivitetsbidrag.

## **5) Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga blir avvikla ?**

Sogndal Kyrkjelege Fellelråd går inn for å halde på den valordninga DNK har i dag. Då vel ein direkte representantar til sokneråda som i sin tur vidare har val til fellelråd, bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Ei slik valordning er det ogso tradisjon for å bruke elles i samfunnet, jmf. politikken med kommuneval og stortingsval.

Det er ei ordning som har vist seg å vere god i mange høve.

Det er likevel ynskjeleg med større valdeltaking ved dei kyrkjelege vala, men dette kan ein kanskje ogso oppnå på andre måtar enn å gå over til direkteval. T.d. har det vore gjennomført prøveordningar med soknerådval samtidig med stortingsval, noko som mange stader gav god uttelling i valdeltakinga.

Demokratiet i kyrkja blir ogso uttrykt gjennom at lekfolk er engasjert i og tek ansvar for si eiga kyrkje. Dette viser ofte att i mykje av det frivillige arbeidet som blir lagt ned i kyrkja i dag.

Mykje av konfirmantarbeidet t.d. har som mål at konfirmantane/ungdomen skal føle kyrkja som sin "heim".

At det er ein stad dei høyrer heime, og er velkomne. Dersom ein lukkast i det arbeidet, og ungdomen føler seg velkomen i kyrkja, vil det truleg ogso føre til framleis framtidig engasjement for kyrkja si. Det ein er glad i vil ein ofte ogso ta ansvar for.

**6) Dersom statskyrkjeordninga blir avvikla, kva bør i so fall stå i §2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom ?**

Det kristne verdigrunnlaget har vore ein byggjestein som landet vårt har vore tufta på, og som har gjenspegla seg i lovverk, tenkemåte og organisering. Det har vore eit viktig grunnlag for arbeidet med å få landet dit det er kome i dag. Ute i verden er Noreg eit respektert og verdsett land i mange samanhengar. Dette er viktig å ha med som bakteppe i det vidare arbeidet med å utvikla landet vårt.

Sogndal Kyrkjelege Fellestråd meiner difor ogso at det er viktig å ha dette med vidare, og ynskjer difor at det i Grunnlova framleis skal vere synleggjort som Staten sitt verdigrunnlag. Ein ynskjer difor at det i tillegg til prinsippet om religionsfridom i Grunnlova skal stå "det kristne og humanistiske verdigrunnlaget".

**7) Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga ?**

Sogndal Kyrkjelege Fellestråd stør stort sett fleirtalet i Gjønnes-utvalet sine tilrådingar, men i dette spørsmålet finn ein det rettast å støtte mindretalet.

Sogndal Kyrkjelege Fellestråd tek likevel utgangspunkt i at gravferdstenestene er eit offentleg ansvar, og at den som er ansvarleg for utføringa av desse tenestene må ha stor tillit blant innbyggjarane i landet, uavhengig av livssyn og tru. Ein meiner likevel at kyrkja er den mest kompetente instansen til å utføre desse tenestene. Dei har lang erfaring i å yte slike tenester, og personale som er utdanna til å ta seg av menneske i sorg. Dei fleste stader er ogso kyrkjegarden knytt opp mot ei kyrkje. Ein ser likevel ingen problem med å bruke den meir nøytrale nemninga "gravlund", og trur kanskje at det kan vere ei betre eigna og meir dekkjande nemning for dei fleste trus- og livssyn.

Ein ser likevel at det kan vere mange prinsipielle argument for at kommunen bør ha dette ansvaret. Ser ein likevel mot Oslo og Akershus der det nettopp er kommunen som utfører desse oppgåvene, er det ogso der dei fleste er misfornøgde med ordninga. Dette viser ein undersøking som Kirkens Arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) utførte i 2004. Det var ei undersøking av den brukaropplevde kvaliteten på gravferdstenestene. Undersøkinga viste at fleirtalet meiner at dagens gravferdsordning dekkjer deira ynskjer og tradisjonar. 20% opplevde at den gjer det i nokon grad, og 64% i ganske stor grad. Dei fleste som var misfornøgde var altså buande i Oslo og Akershus.

Dette tyder på at ein har gode erfaringar med dagens ordning, og ein har heller ikkje registrert noko ynskje i fleirtalet av befolkninga om å flytte ansvaret over til kommunane.

Ei ordning med kommunen som ansvarleg, som kanskje kan høve i dei store byane der andelen av personar med ulik tru og livssyn er større enn på landsbygda, burde heller ikkje vere grunn god nok til å endre ordninga for resten av landet – når den har vist seg å fungere godt.

Statistikken viser ogso at det framleis er 94% som nyttar gravferdstenester utført av Den norske kyrkja. Kvifor skal ein då nytte "omvendt diskriminering" å la dei 6% få sin vilje gjennom, medan dei 94% må endre mot sin vilje ?

Sogndal Kyrkjelege Fellestråd går difor inn for at ansvaret for gravferdsforvaltninga framleis skal liggje hjå kyrkja.

**8) Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga ?**

Ordninga i dag er slik at kommunen har det økonomiske ansvaret for bygging og vedlikehald av kyrkjene, medan soknet har eigeomsretten. Dette er ei ordning som er ein godt innarbeidd tradisjon, og som samsvarar med sokna si stilling som grunneining i kyrkja.

Fleirtalet i Gjønnes-utvalet gjer framlegg om ei sterkare statleg finansiering av freda og verneverdige kyrkjer. Dette er eit syn som ogso Sogndal Kyrkjelege Fellestråd støttar, fordi dagens finansiering set fellestråda lite i stand til å ta hand om dette på eiga hand. Mange middelalderkyrkjer rundt om i landet er som klenodie å rekne, og som det difor er viktig blir tekne hand om på ein forsvarleg måte.

SKF stør difor ogso framlegget frå Gjønnes-utvalet om at staten skal overta eigarskapet til freda og verneverdige kyrkjer som er tekne ut av kyrkjeleg bruk.

Samtidig vil SKF ogso på det sterkaste støtte opp om behovet for ekstra økonomiske strakstiltak innanfor dagens bevilgingsordningar. Dette fordi det er viktig at alle kyrkjer kan tene sitt bruksformål som menigheitskyrkjer, uavhengig av vernestatus.

Venleg helsing

Sogndal Kyrkjelege Fellestråd

*Jorunn Merete Haukås-Eide*  
Jorunn Merete Haukås-Eide  
kyrkjeverje

## Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Sogndal Kyrkjelege Fellesråd

### Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/**kirkelig fellesråd**/bispedømmeråd, **10 medlemmer, men berre 7 tilstades under avrøystinga.**
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

### 1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

**SJÅ HØYRINGSUTTALE.**

### 2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette, men med nye og endra relasjonar til staten, **samrøystes**
- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven, **samrøystes**
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift, **samrøystes**
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?**

- Valgordningene bør være som i dag, **samrøystes**  
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttende organer  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

**6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?**

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg  
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene  
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget, **samrøystes**  
 Det humanistiske verdigrunnlaget  
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

**7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?**

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd) , **samrøystes**  
 Kommunen  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

**8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?**

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret  
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret , **samrøystes**  
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret  
 Vet ikke / ønsker ikke å svare